



# INSTRUKS FOR FEIARANE OM SIKKER TILKOMST TIL SKORSTEIN PÅ TAK

*Instruksen er utarbeidd i medhald av arbeidsmiljølova og internkontrollforskrifta.*

## Det skal vera:

- Fastmonterte taktrinn eller takstige i seksjonar som er festa både oppe og nede
- Takbru eller trinn der ein må gå mellom skorsteinar
- Takbru eller feieplattform der høgda frå der ein står og opp til topp skorstein er over 1,2 meter (Dette for at det skal vera fornuftig arbeidshøgde for utføring av feiing)
- Alltid moglegheit for stigefeste ved gesims
- Innretning som gjer at stige er sikra mot utgliding nede der underlaget gjer det naudsynt (uansett høgde opp til taket)
- Avstand mellom der feiaren skal stå og skorstein skal vera minst mogleg og maksimalt 0,5 m.

## I tillegg vert følgjande alternativ godteke:

- Motvektstige som er festa minimum nede (i takkonstruksjonen)
- Bøylestige som er festa oppe og nede. (i takkonstruksjonen)
- Aluminiumsstige som ligg på minimum to krokar og som er festa nede (i takkonstruksjonen)
- Stige som når samanhengande frå bakken og heilt opp til skorsteinen og som er sikra mot utgliding nede

## Følgjande alternativ vert ikkje godteke:

- Bøylestige som ikkje er festa
- Laus stige som ligg i krokar
- Gamle jarnstigar eller trestigar både opp til og på tak
- Stigesikring i form av kjetting eller liknande rundt skorsteinen

*På tak som har en helning (<6 grader kan reknast som flatt tak ref. Regionale verneombud) og høyde som gir fare for høye fall, må det monteres standardisert stige eller sørges for likeverdig sikring. Jf. Veiledning til forskrift om brannforebygging § 6.*

**Sogn brann og redning iks**

**Vakant  
-leiar førebyggjande-**

**Vidar Trettenes  
- brann og redningssjef-**